

Oppsummering og resultat frå hjortejakta i Kinn kommune 2024

Måla for hjorteforvaltninga i kommunen

Kinn kommune vedtok i 2023 [FORVALTNINGSMÅL FOR HJORT - KINN KOMMUNE - 2023-2027](#) som har desse måla for utviklinga av hjortebestandane i kommunen:


- **Redusere bestandstettleiken**
- **Betre den skeive kjønnsbalansen som har for lite vaksne hanndyr i høve hodyr**
- **Auke gjennomsnittsalderen til dei vaksne dyra i bestandane**
- **Snu den negative utviklinga for slakteveker**

- Redusere hjortebestanden:

Ein meiner hjortebestandane i kommunen lenge har vore for høge. Dette utifrå omsynet til dyra sjølve der ein lenge har sett at både slakteveker og kondisjon til dyra har vore i reduksjon. Omfanget av beiteskadar på innmark og skog har og mange stader vorte for høgt og utgjør ei økonomisk belastning for landbruksnæringa.

Ny fellingsrekord i 2023!

Etter at fellingstala årleg har auka jamt sidan 2015 var det i 2022 ein mindre nedgang i talet felte hjort i kommunen. Fellingstala auka igjen i 2023 med i alt 1 082 felte hjort og auken fortsette i 2024 til 1.147 som er det meste som nokon gong er felt i kommunen.




Figur 1 Syner tal tildelte fellingsløyve på venstre akse og fellingsprosenten på høgre akse.

For 2022 var tildelinga auka ein del medan fellingstalet gjekk noko ned. I høve nedgangen i fellingstala så var hausten 2022 noko spesiell då det etter ein kjøleg og fuktig sumar var sær gode beiter i fjellet langt utover hausten. Dette gjorde at hjorten stod høgt i terrenget lenge og mange stader var det lite dyr i «vanlege» område. Dette hadde ein rapportar om frå mange område i fylket og mange såg og

felte difor mindre hjort tidleg i jakta då hovudtyngda vanleg vert felt. At fellingstalet då gjekk ned skuldast truleg ikkje bestandsreduksjon men at mykje hjort har nytta terrenget annleis enn «vanleg». I 2021 var det motsett då beitet på fjellet etter ein uvanleg turr sumar og tidleg haust var visna tidleg. Det vart observert (jfr. Figur 2) særskilt mykje hjort på innmark og andre lågareliggande område uvanleg tidleg på hausten. At fellingstala gjekk auka igjen i frå 2023 tyder på at nedgangen i 2022 ikkje skuldast større bestandsmessige endringar men meir kvar hjorten oppheldt seg.


Kanskje ikkje bestandsreduksjon likevel?



Figur 2 Syner sett hjort per jegerdag og for Kinn kommune samla og for dei 2 delområda i kommunen på venstre akse og tal felte hjort for kommunen samla på høgre.

Indeksen for Sett hjort per jegerdag gjev signal om endringar i bestandsstorleik. Utviklinga er lik om ein ser på heile kommunen samla eller dei 2 delområda av kommunen kvar for seg. For den nordre delen av kommunen er det langt større variasjon mellom år noko som skuldast at det er langt mindre datamengd i form av registrerte jegerdagar som ligg til grunn her.

Fellingstala auka i 2023 medan Indeksen for Sett hjort per jegerdag gjekk noko ned. Fellingstala auka vidare i 2024 og då auka Sett hjort indeksen og. Denne vil variere ein del frå år til år utifrå observasjonstilhøve utan at det skuldast bestandsmessige tilhøve. Ein skal difor vere varsam med å nytte den frå eit år til anna men ein treng ein trend for fleire år for å kunne sei noko sikkert. Trenden her er aukande men den er sterkt prega av ein jamn auke i indeksen fram til 2019.



Figur 3: syner indeksen for sett hjort per jegerdag for 5 års perioden 2020 - 2024

Om ein ser på indeksen for siste 5 år så er trenden minkande noko som er påverka av den særst høge indeksen i 2021. Etter jakta 2023 var denne trenden enno tydelegare og ein meinte då at bestandane var noko i reduksjon. Når indeksen for 2024 auka vidare så er ein noko meir usikker på om ein har hatt nokon reduksjon likevel.


Eit anna moment som kan vere med å påverke indeksen er at bruk av termiske kikkertar har vorte meir utbreitt dei seinare åra og det vert då observert dyr lettare. Dette kan gjere at indeksen vert påverka av dette og at indeksen ikkje minkar sjølv om bestandane er minkande. Ein vil difor vere forsiktig med å sei noko sikkert om der er reduksjon i bestandane eller ikkje.

Uansett så er det i alle høve ikkje snakk om nokon reduksjon av betyding i høve måla om reduksjon som er fastsett i dei [kommunale måla](#). For å nå desse må ein difor oppretthalde eit høgt og helst auka uttak vidare framover med ei overvekt av hodyr.

- **Betre den skeive kjønnsbalansen- for lite vaksne hanndyr**


Resultat frå Overvåkingsprogrammet og Sett hjort data syner at det er ein veldig skeiv kjønnsbalanse i hjortebestandane med særst få vaksne (6 – 12 år) bukkar i høve koller.

Fordeling av avskyting på kjønn



Figur 4: Syner fordelinga av det samla jaktuttaket fordelt på kjønn for perioden på venstre akse og tal felte hjort på høgre.

Ein har lenge hatt ei overvekt av hanndyr i uttaket og data frå overvåkingsprogrammet syner at det er særst få vaksne hanndyr i høve hodyr i bestandane. Dette reknar ein som uheldig i høve reproduksjon og kondisjonsutviklinga til dyra. Det er difor mål om ei overvekt av hodyr i det totale jaktuttaket noko ein hadde i 2022. For 2023 var det lik fordeling på jaktuttaket mellom kjønn og i 2024 hadde ein igjen ei lita overvekt (52 %) av hodyr.



Figur 5 Indeksen Sett kolle per bukk syner kor mange koller som vert observert per bukk


Trenden for Sett Kolle per bukk har vore svakt minkande ei tid noko som er positivt men den er framleis høg. Det kommunale målet er at indeksen her skal ligge under 1,2 noko ein er eit godt stykke i frå. For å nå målet må ein difor ha ei god overvekt av hodyr i jaktuttaket framover.

Då hanndyra er langt meir synlege og eksponerar seg meir enn hodyra speglar ikkje indeksen den røelle fordelinga i bestandane der det er langt færre hanndyr i høve hodyr. Resultat frå Overvåkingsprogrammet syner at i bestandane er det godt over 3 koller per bukk.

• Auke gjennomsnittsalderen til dei vaksne dyra i bestandane

Gjennomsnittsalderen til dei «vaksne» dyra i bestandane er låg noko som i hovudsak skuldast at det vert sleppt for mykje kalvar inn i bestandane. Å ha ein stor del av jaktuttaket på kalv er difor det viktigaste og beste tiltaket for å auke gjennomsnittsalderen.


Fordelinga av jaktuttaket på ulike årsklassar



Figur 6: Syner fordelinga av jaktuttaket i tal fordelt på kjønns og aldersklassar på venstre akse og tal felte hjort totalt på høgre.

Som figur 6. syner så er auken ein har hatt i jaktuttaket dei seinare åra i hovudsak gjort ved å ta ut meir kalv. Med unntak av for koller der ein har teke ut noko fleire dei siste åra så er det ikkje felt meir av dei andre kategoriane. Auka uttak av kalv er særst positivt i høve målet om å auke gjennomsnittsalderen men for å redusere bestandane er det ikkje det tiltaket som gjev raskast respons. Ein auka andel koller dei siste åra vil difor vere positivt i høve dette sjølv om det framleis vert felte for lite hodyr med tanke på kjønnsbalansen. Med ein auka gjennomsnittsalder hjå dei vaksne dyra vil og ein større del av kollene ta kalv.

Gjennomsnittsalder til felte hjort 2 år og eldre



Figur 7: Syner gjennomsnittsalderen til felte koller og bukkar på venstre akse og andelen kalv i % av totalt jaktuttak på høgre.

Takka vere **Overvåkingsprogrammet for hjortevilt** der valda i gamle Flora kommune har vore med sidan 1992 har vi særst gode data for bestandsutviklinga her. Data frå overvåkingsprogrammet har synt at gjennomsnittsalderen til dei vaksne dyra i bestandane på vestlandet lenge har vore særst låg.


Som ein ser har det vore ein jamn auke i gjennomsnittsalderen til felte dyr 2 år og eldre. Sjølv om dette er alderen på dei felte dyra og ikkje dei som går att i marka så er det her ein heilt tydeleg trend som og må tilsei at alderen til dyra som er att og er aukande. Dette meiner ein heilt klart skuldast at kalv og ungdyr har utgjort ein stor og aukande del av jaktuttaket over tid.

Sjølv om gjennomsnittsalderen aukar er den framleis låg særleg for hanndyr.

Snu den negative utviklinga for slaktevekter

Eit av dei komunale måla er å snu den negative slaktevektutviklinga ein har sett i lengre tid. Dette heng saman med både bestandstettleik, alderen på produksjonsdyra og andelen vaksne bukk i bestandane. Alderen på kollene og bukkane har vesentleg betyding for reproduksjonen, tidspkt for brunst og kalving medan tettare bestandar betyr større konkurranse om den beste og mest næringsrike maten.

Gjennomsnittlige slaktevekter for kalvar og ungdyr



Figur 8: Syner utviklinga av slaktevekter for kalvar og ungdyr.

For gamle Flora har det systematisk vært registrert slaktevekter for mesteparten av felt hjort sidan oppstarten av Overvåkingsprogrammet i 1992. Ein har såleis god dokumentasjon på vektutviklinga.

Som figur 8 syner så var nedgangen i slaktevekter størst på -90 talet for seinare å avta noko og dei siste åra kan det sjå ut som er det ikkje er nokon vidare nedgong. Grunna ulike beiteforhold/kvalitet mellom år så vil det vere årlege variasjonar men trendane her er eintydige. For å snu trenden og å få auke i vektene tek det noko tid. Då må bestandane reduserast og alderen på produksjonsdyra må aukast ikkje minst for hanndyr der det no er alt for få vaksne (6 -12 år) bukkar i høve koller.

Oppsummert

- I høve bestandsstorleik er ein noko usikker men veksten er stogga og kanskje har ein hatt ein mindre reduksjon. Det må likevel oppretthaldast eit høgt og gjerne auka uttak for å få reduksjon av betyding i høve måla.
- Det er framleis for lite vaksne hanndyr i bestandane så hodyr må utgjere ein større del av uttaket.
- Gjennomsnittsalderen til dei vaksne dyra er aukande men framleis låg særleg for hanndyr.
- Nedgongen i slaktevekter kan sjå ut til å ha stogga men det vil truleg ta noko tid å kunne få auke i desse.